



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 18.10.2024

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Vassenden kyrkjesenter kl 18:00	Møtedato 17.10.2024
Arkiv nr.		Møteslutt 20:30

Til stades på møtet:

Desse møtte: Bjørn Anders Steinsund, Hildegunn Huus, Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Brita Maria Distad (2. vara), Knut Magne Nesse (delt mellom møte Vassenden/Helgheim sokn)
Meldt forfall Aud Førde, Camilla Klakegg.
Saker: 25 – 31/24

Sakliste:

- Sak 25/24 Godkjenning av innkalling.**
Vedtak: Innkallinga godkjent utan merknad.
- Sak 26/24 Godkjenning av referat 06.06.24**
Vedtak: Referat godkjent utan merknad.
- Sak 27/24 Budsjett og Rekneskap**
Det var ettersendt budsjettutkast og rekneskap 2024 Helgheim sokn.
Vedtak budsjett: Budsjettforslaget er eit utgangspunkt for vidare arbeid, men det må takast omsyn til prisstigning.
Vedtak rekneskap: Det er ønskje til neste møte å få ei avklaring på postane kr 21000,- disp-fond aktivitetsfond. Kr 8000,- tilskot fellesrådet og kr 7000,- ref. fellesrådet
- Sak 28/24 Rekneskap Hyrdingrøysta**
Rekneskapan for Hyrdingrøysta viser underskot. Det er ikkje motteke reklameinntekter dette året, dette må innkrevjast.
Vidare vart det diskutert å lage eit skriv som innstikk i bladet, der vi ber lesarane om bidrag til drift av Hyrdingrøysta. Ta kontakt med gravferdsbyrå/blomsterbutikkane om annonsering i bladet.
Auke budsjettposten kjøp av tenester med kr 5000,- til kr 22000,-
- Sak 29/24 Juletreffest 3.juledag kl.17**
Brita og Hildegunn går inn i festkomiteen til årets Juletreffest.
- Sak 30/24 Drøfte opplegg for den tradisjonelle julekonserten**
Vedtak: Ein tek sikte på eit opplegg som tidlegare år. Bjørn Anders tek det opp med «musikk kreftene» og soknerådet prøver å få nokon til å komme med juletankar.



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 18.10.2024

Sak 31/24 Meldingar/Orientering:

- Geir Sørebo har fått engasjement som fung.sokneprest i 60% frå 01.11.24 - 31.05.25.
- Referat frå møte i Trusopplæringsutvalet (vedlagt)
Soknerådet støttar opplegget 09-10. nov Lys-vaken på Vassenden kyrkjesenter for 5.-og 6.klasse.
- 19.oktober Ålhus kyrkje kl.16 Konsert "Songar" av Jon Fosse, framført av songar og gitarist Klaus Vatne, Ålhus kyrkje
- 2.november Helgheim kyrkje kl.16 Kveldssete i "Den vanskeligste kjensla" med Guro Årdal Rekkedal, samtale med tonefylgje
- 3.nov kl.11 Helgheim kyrkje, Minnegudsteneste for heile Jølster. (pårørande får invitasjon i posten.)
10. nov kl.18, Vassenden kyrkjesenter: «Det ingen kunne tru at nokon kunne bu»
Vassenden kyrkjesenter, ber om hjelp frå begge sokna til å henge opp plakatar.
Det vert delt ut plakatar til oppslag rundt i bygda.
- 16.nov Vassenden Kyrkjesenter kl.11, Trygg til nattagudsteneste, 2 og 3 års-samling med dueslepp v/Silje (denne er tillegg til den opphavelege gudstenesteplanen)
Frist for stoff til julenummer Hyrdingrøysta, er 20.nov.

Tilkomne saker:

- Møte i Fellesrådet Førde kyrkjetun 22.10.2024. Leiar Hildegunn møter.
- Til lysmesse er det forslag om kjøp av batterilyd til ungane. Bjørn Anders sjekkar kva som er på markedet, pris/sikkerheit.
- Minnelund. Dette vert teke opp i neste møte. Er vel og ei sak som må opp i Fellesrådet.
- Stell av graver. Det er ein del spørsmål hjelp og støtte til stell av graver til dei som ikkje bur her i området/eldre som ikkje sjølve klarar dette lenger. Dette kan vere betalingstenester, men det vil og vere spørsmål om kven og korleis ein kan utføre dette.
- Kyrkjelydsturen i år gav eit lite overskot. Spørsmålet er kva ein gjer med desse pengane står no på konto. Det var ein runde på dette, og vedtaket vart «Ja, set det på konto Kyrkjelydstur/støtt til seinare turar.
- Liste kyrkjevertar oktober -desember 2024: Liste utarbeidd og sendt medlemmane i Helgheim sokneråd / Kyrkjekontoret 23.10.2024

Norvald Nedrebø, møteskrivar